

Postpensjonistene i Hordaland

Referat frå medlemsmøte 5. februar 2024 kl 12:00.

Det møtte 64 medlemmar til medlemsmøte på Hotel Zander K i Zander Kaaes gate 8. Vi steig inn i eit av Bergens kulaste hotell, ganske nytt med en lun og varm atmosfære.

Leder Eli Ludvigsen ynskte velkommen. På grunn av renovering av vår faste tilhaldsstad, nabobygget Hotel Terminus, fant vi oss fort til rette i møtesalen på Zander K.

Særskild ynskte ho velkomen til **Halvor Folgerø**. Kjent frå NRK og forfattar av bøkene om **Vestlandsvegar**.

Det var frå desse bøkene han fortalde.

Om vestlandsvegar som vart bygde for over 100 år sidan. Som var bindelekk mellom bygder, byar og landsdelar. Men standarden på vegane var enkle. Ofte fordi det skorta på pengar og tekniske hjelpemiddel. Desse vegane var bygd på farlege og utsette stader.

Folgerø fortalde om fleire kjente vegprosjekt. Historiar som inneheld både alvor og skjemt. Frå Jordalen i Voss, Årdal-Tyin, Måbødalen, Bergsdalen og Tokagjelet. Og mange, mange fleire.

Det heile batt han saman med vakre bilete, både i fargar og svart kvitt. Nokre bilete var alvorsame: dei fortalde om strevsamt vegarbeid og ulukker. Men og om ein vellukka barnefødsel på glatt veg, på gamle og smale vegar over Hemsedalsfjellet.

Mange medlemmar kjende seg att. Nokre hadde kjørt med post etter desse vegane.

Takk Halvor for eit mykje interessant foredrag. Vel ein time gjekk fort.

Etter foredraget gjekk med til matøkt med gode snittar og kaffi i restauranten. Medlemmane takka for eit godt medlemsmøte: dei kjøpte mykje lodd i lotteriet.

Slutt kl 15:00.

Helsing frå Kjell T som var skrivar vikar.